



Det er uro rundt visse tekniske tilhøve i Uskedalen Brygge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Edvard Myklebust, Eilif Myklebust og Bjørn Bringedal har bedt kommunen ved rådmann, verksemdsleiar Tormod Fosshem og saksbehandlar Jon Harald Kjærland om eit møte for ein gjennomgang av byggeprosjektet i Beinavikjo.**

Dei bur i Uskedalen Brygge (Telegrafbygget) der det for kort tid sidan vart gjeve mellombels bruksløyve for dei to husvera i fjerde høgda. Tidlegare har dei bedt om dokumentasjon på byggetekniske tilhøve, som utvendig trapp og lydisolering mellom tredje og fjerde etasje.

I fjor haust skreiv Jon Harald Kjærland til arkitektane Anders og Olav Vikøren at rådmannen var uroa over merknadane og ba om at det vart innhenta dokumentasjon for prosjektering og utføring. Seinare kravde kommunen dokumentasjon frå støymålingsfirma om at etasjeskilje mellom tredje og fjerde høgda stetta forskriftskrav, likeeins at sentralt godkjend foretak tok kontroll på utvendig trapp.

- Vi kan ikkje sjå at dette er utført på ein fullgod måte, skriv dei tre i brevet til kommunen. Det har mellom anna ikkje vorte utført støymåling av godkjent akustikkfirma og dokumentasjon er på mange område mangelfull.

Det undrar dei tre at mellombels løyve vart gjeve mellom anna på bakgrunn av og straks etter møte mellom byggherre og kommune og brev frå Trelasten. Kommunen er tillagt tilsynsmynde og som part i saka forventar dei at kommunen møtar dei for ein gjennomgang av prosjektet.

Av Ola Matti Mathisen